


NR.7

OKTOBER 1983

16. ÅRG.



### Oddvar Ulltang eittåring i Ytre Arna

Ytre Arna kyrkjelyd har fått ein eittåring. Han heiter Oddvar Ulltang og kjem frå Øystese i Hardanger. Han er ferdig med gymnasen og militærtjenesta og er 20 år.

Vi har snakka med han og vi vil vita kva interesse han har.

– Eg likar godt musikk og er

### Kva er kristendomen sitt særmerke?

*19.s.e.pinse. 1. Kor. 1,4-9*

Det kan gjevast ulike svar på dette, men skal tru om me ikkje finn det beste svaret tilslutt i denne teksten: Kristendom er samfunn med Gud ved Jesus Kristus, og vidare samfunn med kvarandre, det me kallar samfunnet av dei heilage.

side 2



side 12

**SØNDAGSSKULENS DAG 2. OKTOBER  
FAMILIEGUDSTENESTE I BEGGE KYRKJENE**

### Frå s 1.

Kristendomen er ikkje først og framst eit læresystem eller ein ideologi, men det er **samfunn**. Ved syndefallet vart samfunnet med Gud brote, men alt det Gud gjer etter fallet, tek sikte på at dette samfunnet atter kan verta oppretta. Derfor gav han lovnaden om å senda son sin og førebudde hans koma til verda. Det var ikkje nok å senda ei melding frå himmelen og hit ned. Gud måtte sjølv verta menneske og gå inn i vår slekt, for samfunn med Gud utan ved Jesus Kristus finst ikkje. Heile Jesu liv stadfester dette. Han såg det som si hovudoppgåve å oppretta dette samfunnet igjen. Og då måtte han ta bort synda som braut samfunnet.

Men først etter Jesu død og opstoda byrja den nye tidsalder då det vart mogeleg å koma i livsamfunn med den levande Gud ved Jesus Kristus. Pinsedag kom Jesus igjen på ein ny og herlegare måte. Nå skulle læresveinane ikkje lenger kjenna han etter kjøtet, men etter Anden, ja, han ville sjølv ta bustad i dei. Me kan minnast likninga om vintreet og greinene.

Me er alle skapte til å leva i samfunn med Gud, men det er berre mogeleg ved Jesus Kristus. Og djupast set er det det med lengtar etter. «Jesus din søte forening å smake, lenges og trenges mitt hjerte og sinn,--»


Lever du i dette samfunnet idag? Du vart som liten innpota i han, men mange vert ikkje verande i han, men slit seg lause. Kor godt det då er å veta at om me er trulause, så er «Gud trufast» slik denne teksten forkynner. Han kallar påny til samfunn med sin son Jesus Kristus, vår Herre.

Det beste kjenneteiknet på ånde-

leg liv i Jesus Kristus er om me elsker brørne. Derfor heldt dei første kristne fast ved læra åt apostlane, samfunnet, brødsbrytinga og bønene. Dei var alle eitt i Kristus og bar børen for kvarandre..

Dette er kristendomen sitt særmerke.

**Kaare Time**



**ARNA  
KYRKJELYDS-  
SKULE**

### BIBELTIMAR

Dette semesteret ynskjer vi deg velkommen til

**Bibeltimar** i Arna kyrkje:

«*Hovedtankar i Galatarbrevet*».

Timane går over 4 tysdagskveldar i november:

**1. og 8. november** v/Harald Sundbø.

**15. og 22. november** v/Øyvind Øy.

Samværa tar til **kl. 20.00.**

Inga påmelding.

Ta med bibel eller nytestamente!

\*

Elles vil kyrkjelydsskulen innby til **Luther-dag** laurdag 12. november i samband med 500-års jubileet for Luthers fødsel.

Dette samværet vert i Arna Bedehus, Indre Arna. Nære kunngjering i neste nummer av bladet.

**Styret for  
kyrkjelydsskulen**

## Bli med – du og!

**ARNA KYRKJEKOR** vart starta i 1975. Koret har i dag omlag 20 songarar. Vi treng fleire.

På repertoaret har vi kyrkjemusikk av både gamal og ny dato. Den unge, aktive dirigenten vår, Vidar Vikøren, har mange planar med oss. Mellom anna vil vi få prø-

ve oss på verker av Buxtehude og Bach, ved sida av meir og mindre kjende salmar og introitus. Alt saman musikk til glede for dei som høyrer på – og oss sjølv.

**Øving kvar onsdag i Arna Kyrkje kl. 19.30 - 21.15.**

Det er eit hyggjeleg miljø i koret, og vi har vel alle godt av å kome saman og syngje. Avslappande. Morosamt.

Kyrkjelyden i Arna treng eit kyrkjekor. Det er og naturleg at alle i kyrkjelyden kjenner eit ansvar for song- og musikklivet i kyrkjelyden. Kyrkjekoret er ein verdefull del av musikklivet.

*Er du glad i song og musikk?  
Tykkjer du Arna Kyrkjekor har eit godt formål?*

Du er velkomen som ny medlem – ein onsdag kl. 19.30 i Arna Kyrkje. Det koster ingen ting.

Ta ein «prøvekveld» og sjå korleis vi har det!

### Radiogudsteneste

Sundag 6. november vert gudstenesta i Arna kyrkje overført direkte i NRK.

### Julepakkar til sjøfolk

Julepakkeinnsamlinga til sjøfolk vert i Kyrkjelydshuset i Ytre Arna søndag 30.10. kl. 17.00. Det vert opplagt som «Fest på kjerka» og vi får besøk frå Sjømannsmisjonen med film frå arbeidet ved sjømannskyrkjene. Alle er velkomne – med og utan pakkar!

## Dagsverk for Kirkens Nødhjelp

Torsdag 13. oktober vil gymnasiaster og yrkesskoleelever over hele landet «Gi en dag» til Kirkens Nødhjelp. Årets Operasjon Dagsverk skal nemlig gå til et utdanningsprosjekt i Nicaragua som drives i regi av Kirkens Nødhjelp.

Så ta kontakt med nærmeste videregående skole. Du har sikkert et eller annet som du kan la elevene gjøre for deg. De tar hvilken som helst jobb – loftsrydding, annen rydding, hagestell, bilvask, transport – hva som helst. Prisen de tar for et helt dagsverk er kr. 125. Og pengene går altså til et nytt og omfattende utdanningsprosjekt Kirkens Nødhjelp skal sette i gang i Nueva Guinea, helt sør i Nicaragua.

**HUSK Å  
GI ELEVENE  
ARBEID  
DEN 13.10.83**

**Operasjon  
Dagsverk '83**

 **KIRKENS  
NØDHJELP**

## Da Ruffen skapte en bølge av tilgivelse

—Hvem har veltet kannen med frostvæske? Far var sint i stemmen da han stakk hodet inn kjøkkendøren. Han hadde arbeidet med å gjøre bilen i stand til vintren. Kannen med frostvæske hadde han satt fra seg ved bilen mens han var ute av garasjen et øyeblikk. Nå lå den veltet, og væsken rant utover.

—Jeg har ikke sett frostvæsken din. Ikke vet jeg hvordan den ser ut heller, sa mor. Hun var overrasket og såret over at far snakket til henne på denne måten. Sinnet hans smittet over på henne mens hun fortsatte oppvasken. Da Morten et øyeblikk etter kom ut på kjøkkenet, ropte hun ut så Morten skvatt til:

—Er det du som har veltet fars kanne med frostvæske?

—Hva for noe? Morten var forbauset. Hva var det mor beskyldte han for? Ergelig løp han ut av kjøkkenet og smalt døren etter seg. I gangen traff han på hunden sin. Klart det var Ruffen som hadde veltet den kannen. Morten grep han i halsbåndet og ristet til.

—Det var du som sølte utover frostvæsken! Morten hadde nesten ventet at hunden sakte med halen og så på den sinte vennen sin med milde, bedrøvede hundeøyne. Morten ble skamfull. Han visste jo at



Ruffen hadde vært innendørs den siste timen. Den kunne umulig ha veltet kannen med fars frostvæske.

—Å, Ruffen, hvorfor kjefter jeg slik på deg? Tilgi meg. Morten la seg ned på kne og ga hunden en klem. Nå visste han hva han skulle gjøre. Han ville gå til mor og be om tilgivelse for at han selv ble så sint. Samtidig ville han gi henne en klem og tilgi henne fordi hun ble sint på han uten grunn.

Og slik gikk det til at den vesle hunden skapte en bølge av tilgivelse i familien. Morten gikk til mor, og mor gikk til far. Ved middagsbordet sa far:

—Antagelig var det jeg selv som veltet kannen med frostvæske. Jeg må ha kommet borti den uten at jeg merket det skikkelig. Tilgi meg. Den frostvæsken laget mye sinne hos oss i dag. Men samtidig lærte den oss at det er godt både å be om tilgivelse og å få tilgivelse.

Både barn og voksne gjør mye galt som vi trenger tilgivelse for. Vi må få tilgivelse både fra Gud og fra andre mennesker. I de to sole-  
ne nedenfor er det to bibelvers om tilgivelse. Bibelversene står på



solstrålene, men ordet er blitt stokket om. Kan du klare å få orden på dem igjen?

Blir det litt vanskelig kan du bruke bibelhenvisningene til å hjelpe deg. Det står også på solstrålene.

## Søndagsskoleaksjon

Norsk Søndagsskoleforbund arrangerer i høst en større aksjon for å få flere barn til søndagsskolene. I fjor gikk det 108211 barn i søndagsskoler som er knyttet til statskirken og frivillige lutherske organisasjoner. Dette omfatter 16,3 % av alle barn mellom 4 og 14 år og var en nedgang på 0,2 % fra året før. Gjennom aksjonen håper Søndagsskoleforbundet at en får flere barn til å gå på søndagsskolen og at en får motivet foreldre og søndagsskolelærere til å se hvor viktig søndagsskolen egentlig er.



## Arna Kyrkjelyd sin dagheim 10 år



Bileta viser ein del av borna i barnehagen og nokre av noverande og tidlegare tilsette.



Bak frå v.:  
Jens Hauge,  
Bjarne Fjelltveit,  
Dagny Klepppestø,  
Brita Romslo.

Denne hausten er det 10 år sidan Arna kyrkjelyd sin dagheim vart opna. Det var i samband med at Arna Bedehus vart bygd at soknerådet fekk spørsmål om å nytta sokkel-etasje til barnehage. Soknerådet oppnemnde ei nemnd i 1968 til å vurdera dette. Det var Jens Hauge, Brita Romslo og Bjarne Fjelltveit. Seinare vart også Dagny Klepppestø med.

5 år seinare stod barnehagen ferdig og 17. september vart det invitert til jubileumsfest både for store og små i Arna Bedehus. Dei som hadde starta arbeidet med barnehagen var alle til stades. Bjarne Fjelltveit leia festen og Jens Hauge gav eit historisk tilbakeblikk.

Av blomehelsingane vil vi spesielt nemna den som kom frå fritidsklubben for dei funksjonshemma. Dei nyttar barnehagen sine lokale til klubbkveldar kvar onsdag.

Dagheimen har i dag 10 tilsette og 32 born. På jubileumsfesten var og fleire som har arbeidd der tidlegare.

## Glimt frå Truslæra:

### Kyrkja og det kristne fellesskapet

I Apostelgjerningane høyrer vi om korleis dei første kristne i Jerusalem heldt saman. Frå dette gode fellesskapet har den kristne kyrkja breidd seg utover til stadig nye folkeslag. Trusvedkjeninga vår seier at Kyrkja er både ei, heilag og allmenn.

At det er ei Kyrkje kan i dag synest sjølvmotseiande når vi ser på alle dei ulike kristene kyrkjesamfunna. Men i Det nye testamentet er Kyrkja ikkje først og fremst ein institusjon eller organisasjon som skal ha ein særskild ytre struktur. Nei, Kyrkja er eit samfunn av alle dei menneska på jorda som trur at Jesus er Herre og Frelsar og som i trua lever med ham.

Einskaper mellom dei truande ligg i holdninga til Kristus. NT har nytta ulike bilete på dette. Kyrkja er lekamen med Kristus som hovudet og der dei kristne er lemer som treng kvarandre. Kyrkja er bygninga der Kristus er hjørnesteinen og dei kristne er muren der kvar stein har sin plass. Kyrkja er vintreet der Kristus er sjølvve treet og dei kristne er greinene. Meir einskap kan det ikkje verte.

Kyrkja er alle stader der Kristus er og virkar, og ho er på same tid noko løynd og noko openberr. Ho er løynd avdi berre Gud kjenner hjarta og veit om kven som trur. Ho er openberr der ordet om Jesus vert forkynt, og sakramenta vert forvalta.

Med tida har det vorte mange

kristne kyrkjesamfunn. Nokre vil ha mest auge for splittinga og det vonde i dette. Andre vil forklare dei ulike gruppene med at evangeliet er så rikt og den sjelelege naud til menneska så ulik. Same korleis ein ser det, ligg likevel ikkje einskapen i Kyrkja og det kristne fellesskapet i dei ytre formene, men i tilhøvet til Kristus. «Alle kristne er samde i evangeliet,» er det sagt frå gammalt.

Kyrkja er heilag avdi Den Heilage Ande virkar der. Når dei kristne i Det nye testamentet vert kalla heilage, så tyder ikkje dette at desse menneska var særskilt fromme. At noko er heilag vil i Bibelen seia at det er utskilt frå ein samanheng for å verta innvigd til noko anna. Dei kristne er på grunn av trua på Jesus, skilde ut frå dei som ikkje trur. Slik har dei fått ein plass i den heilage, kristne kyrkja der livet er innvigd til teneste for Herren.

I trusvedkjeninga heiter det og at Kyrkja er allmenn. Kyrkja er ikkje til berre for nokre særskilde, men ønskjer å nå alle menneske med evangeliet.

Dei første kristne i Jerusalem la vekt på fellesskapet seg i mellom. Dei lytta til forkynninga, ba saman og delte nattverden. Å vera jamt med kyrkjelyden og det kristne fellesskapet er noko normalt og sjølvsgagt for ein kristen. Då seier ein klart frå om at ein høyrer heime i samfunnet til dei heilage, i Kristi Kyrkje.

# Familieside

## DØYPTE:

### Arna sokn:

21/8: Kristine Arnesen, Synnøve  
Avsnes Sæle. Solveig  
Tesdal. Knut Nordtveit  
Eriksen.

21/8: Hilde Horntvedt, døyp  
Vereide kyrkje.

4/9: Jorun Larsen, Renate  
Haukeland, Werner  
Eilertsen, Erlend  
Borge, Trond Johansen.

### Ytre Arna sokn:

21/8: Linn Hege Torvund.  
4/9: Christian Kristiansen  
Angeltveit.

## VIGDE:

### Ytre Arna sokn:

20/8: Hogne Mildestveit og  
Anne Elisabeth Kalsås.  
10/9: Sigvald Selbak og Wenche  
Listøl, vigde i Arna kyrkje.

## DØDE:

### Arna sokn:

26/8: Asbjørn Strømsnes f. 1899.  
30/8: Regina Garnes f. 1897.  
8/9: Anny Eliassen f. 1929.

### Ytre Arna sokn:

20/8: Kristina Hansen f. 1900.  
26/8: Alfred Haugland f. 1916.  
1/9: Cecilie Gaupås f. 1895.  
3/9: Knut Johannes  
Edwardsdal f. 1913.  
9/9: John S. Rolland f. 1903.

## Ofringane i kyrkjelyden

### Arna:

21/8: Misjon bak jernteppet  
kr. 2.317.  
28/8: Folkeaksjon for livsrett  
og menneskeverd kr. 1.046.  
4/9: Kyrkjelydsarbeidet  
kr. 1.747  
11/9: Kyrkjelydsarbeidet  
kr. 1.442,80 + 630,85 = kr.  
2.073,65

### Ytre Arna:

21/8: Diakoniinstitusjo-  
nane kr. 628.  
11/9: Kyrkjelydsarbeidet  
kr. 1.431

## Kyrkjelydstreff!

Sjømannsmisjonen har gamle tradisjonar i Arna, både i foreningsform og gjennom basarar. På Kyrkjelydstreffet søndag 9/10 kl. 19.30 i Arna bedehus, vil vi freista følgja litt av mønsteret til sjømannskyrkjene og laga: «Fest på kjerka»!

På kyrkjelydstreffet 6/11, får vi besøk av sjukehusprest Otto Rinertsen. Sjå program seinare for kvar dette treff-møtet skal vera.

Kyrkjelydstreffer 4/12 kl. 16.30 vert familiesamling i Arna bedehus.

Barnerøster vert med då.  
Vel møtt på kyrkjelydstreff!

Helsing komiteén

Presten  
har  
ordet



Harald Sundsbø

## Tru - tvil

Spenninga mellom tru og tvil er vel ikkje ukjent. Kanskje tvilen har vore der som ei hindring for å kunna tru? Eller at trua har vore der, men så har tvilen teke bort frimodet i trua bit for bit?

Om du kjempar med slike spørsmål, er du ikkje åleine. Kanskje dei fleste har gjort det ein eller annan gong? Mange kan vera redde for å snakka med andre om det. Frykt for ikkje å verta godteken i kristenflokken kan og vera grunn til at ein heldt dette for seg sjølv.

Eg trur ikkje ein skal vera redd for å snakka om slike og andre problem ein strir med. Som kristne skulle vår fremste oppgåve vera å hjelpa kvarandre og ikkje døma. Prestasjonsangst må ikkje vera det menneske føler når ein møter kristne fellesskap. Der skulde ein vera trygg på kvarandre.

Tvilen treng ikkje utelata trua. Det er ikkje tvilen som er det motsette av trua, men vantrua. Tvilen set spørsmålsteikn med ulike ting. Vantrua, derimot, seier eit nei til Jesus. Trua kan vera der trass i tvilen sine spørsmål. Ein kan koma til Gud med sin tvil, og han støyter ingen tvilande bort.

Det kan vera så mykje som er grunnlaget for vår tvil. Her er ikkje plass til å koma inn på det. Men som også Bibelen seier, skjønari vi no stykkevis - og det er ikkje

alt som er openberra for oss.

Vi skal få gå til Gud med våre uløyste spørsmål. Ikkje alle vert løyste for oss. Trua har vorte samanlikna med å kasta seg ut på 70000 framnars djup. Den er eit vågestykke. Det er det Jesus utfordrar oss til.

Å snakka med andre kan vera ei hjelp. Å lese i Bibelen også. Der møter vi mange som også kjempa med dette, men vann fram til tru. Bøna gjev oss også kontakt med Gud. Nattverden kan særleg vera ei hjelp i tvilen. Der får me synleg Guds gåver. Om du vil tru men ber på tvil så kan du frimodig gå til nattverdbordet.

Om du tvilar, må du ikkje fortvila. Men be bøna i Markus 9.24: «Eg trur, hjelp meg i mi vantrua».

## Til 4-åringane i Ytre Arna

Alle døypte born som er fødde i 1979 og som no bur i Ytre Arna, vil kyrkjelyden gjerne gje den fina boka som heiter «Mi kyrkjebok». Vi har no gått rundt og delt ut til dei 4-åringane vi veit om. Har du ikkje fått boka, så kan du ringja kyrkjekontoret tlf. 24 23 03, så vil nokon koma med den til deg også.

## De bevegelige høytidene

I religionstimen hadde lærerinnen lagt ut om de store kirkelige høytidene, og ga seg så til å eksaminere. Alle visste at julehøytiden lå fast, men da spørsmålet kom om de såkalte bevegelige høytidene, ble det taust. Endelig mente Søren som var den eldste av seks søsken, å ha funnet et svar:

— Barsedåp! sa han.

# MENIGHETSFAKULTETET 1908-1983

## Kvifor Menighets- fakultetet i dag?



Av Dekanus,  
Professor, dr.theol.  
Torleiv Austad

Menighetsfakultetet (MF) har hatt sers mykje å seie for norsk kyrkjeliv i det 20. hundreåret. Den teologi MF står for, har i høg grad hatt innverknad i kyrkjelydar, kristne organisasjonar og kyrkjelege institusjonar. For fakultetet er det no, som ved starten for 75 år sidan, om å gjere å streka under tilliten til Bibelen om Guds ord, fremja forståing for den evangelisk-lutherske vedkjenning og vere på vakt mot liberal teologi av gammal og ny type. MF har som mål å gje teologisk utdanning for prestenesta, for anna teneste i kyrkja og for teneste i skulen «på grunnlag av Guds ord og kirkens evangelisk-lutherske bekjennelse» (Grunnreglane § 1). Denne basis har gjort det mogeleg å tilføre vår kyrkje ein positiv teologi.

Det er eit sunt og godt prinsipp at kyrkjelydane tek ansvar for utdanninga av prestar og andre lærarar i kyrkja. Presteutdanninga er verkeleg ein av livsnervane i kyrkja sitt liv. Det såg dei som reiste MF, og det ser dei som har omsorg for fakultetet i dag. MF yn-

sker difor nær kontakt med kyrkjelydane om denne store oppgåva. Dinsten ber fakultetet om økomisk stønad. Det er også turvande å ha eit nært høve til kyrkjelydane for å kupa greia den delen av fakultetet sine oppgåver som består i å skulla «lede til forståelse av det kristelige liv og det kristelige arbeid ute blant folket» (Grunnreglane § 6). I namnet Menighetsfakultetet ligg eit program for ein ordna to-vegs trafikk mellom kyrkjelyd og fakultet. Vi treng å lære av kvarandre. Kanskje kan ein seia at kyrkjelydane får dei prestar, kateketar og kristendoms-lærarar som dei gjennom bøn og omsorg har hjelpt til med å utdane.

Ein kan få eit klårare bilete av MF sitt særpreg ved å samanlikna den teologiske og kyrkjelege situasjon i Noreg med kyrkjer der kyrkjelydane ikkje tek aktivt ansvar for presteutdanninga. Det som har hendt i fleire av desse kyrkjene, er at den teologiske forskinga og undervisninga har vorte isolert i høve til livet i kyrkjelydane.


Resultatet er at teologien har vorte ein-sidig akademisk og i mange høve radikal, og at teologistudentane sitt gudsliv og deira kyrkjelege mål har kome i bakgrunnen. For å motverke ei slik utvikling kan kyrkjelydane ta hand om utdanninga av tenarar i kyrkja. Det er dette som har hendt i Noreg, og som vi har grunn til å vera takksame for.

MF treng framleis impulsar og omsorg frå levande kyrkjelydar, og vil gjere sitt til å rettleie kyrkjelydane ut frå Guds ord og kyrkja si vedkjenning.



### FAKTA OM MF (pr. august 1983)

- ★ Skipa 1907. Undervisninga starta i 1908
- ★ Talet på lærarar: 40
- ★ Talet på studentar: ca. 700
- ★ Tal på dei som har tatt eksamen:
  - teologisk embetseksamen: 2617
  - eksamen frå kr.d.inst.: 2536
  - eksamen frå Kateketseminaret: 35
- ★ Gjelden på MF-bygget er nå 2 mill. kr.
- ★ Gje ei jubileumsgave til MF du og!
  - postgiro: 5 12 87 80
  - bankgiro: 6038.30.18636
  - MF, Gydas vei 4, Oslo 3



### TO ORD TIL DEG

et sykehus  
har alltid  
to utganger  
en ut  
til livet  
og en  
uten liv  
men ingen  
lar være  
å komme  
for det  
når dagen  
for innleggelse  
er bestemt  
vi vet  
de gjør  
sitt beste  
både leger  
og pleiere  
men til  
den egentlige  
livets hage  
møter de  
ikke opp  
når innkallingen  
lyder søndag  
etter søndag  
enda de  
vet vel  
at på  
det sykehuset  
er det  
bare en  
utgang for  
alle som  
kommer til  
ham og  
det er  
til livet.

O.H.

## Vitjing frå Menighetsfakultetet

Sundag 30. oktober får begge kyrkjelydane i Arna vitjing frå Menighetsfakultetet. Om føremiddagen vert cand.theol. John Jacobsen med ved gudstenesta i Ytre Arna og om kvelden vert vit.ass. Olav Sandnes med fleire med på kyrkjelydsfest på Garnes Ungdomsskule kl. 18.00.

## BARNEKOR

I haust tek vi sikte på å starte med barnekor i Arna kyrkjelyd. Alle jenter og gutar i alderen 10-13 år som har hug til å synge i kor kan møte opp i Arna kyrkje onsdag 10. okt. kl.17.30 til første øving. Dei som ikkje har høve til å møte den dagen men som allikevel har hug til å vere med, kan melde seg på til kyrkjekontoret eller til organisten privat (telf. 32 49 42)

**Vel møtt!**

## Fred

Har din bror gjort begynnelsen til tvisten, så gjør du begynnelsen til freden.

*En gammel kirkefader*



Den 23. oktober går høstens TV-innsamling av stabelen. Den har fått navnet MENNESKEVERD og går til Norsk Folkehjelps internasjonale arbeid. Aksjonens mål er å bedre livsvilkår og gi en menneskeverdig tilværelse for flyktninger og lokalbefolkningen i u-land. De innsamlede midlene vil gå til flyktningebistand til Mellom-Amerika, Afrika og Midt-Østen, til katastrofehjelp og til utviklingsprosjekter innen attføring, helse og opplæring.

Frå s. 1:

glad i å driva med idrett.

– Vi har høyrte at du er med i ei kristen musikk-gruppe, kva heiter den?

– Synzygus. Dette året er 5 av oss «eittåringar» ulike stader her i nærleiken: 2 er på Osterøy og 2 i Bergen. Vi skal øva ein del saman og reisa rundt og ha konsertar for ungdom. Frå mange stader i Hordaland har det kome spørsmål om det.

Oddvar er leiar for denne gruppa og skriv mange av tekstane dei brukar.

– Kva vil de med songen?

– Vi vil vitna om Jesus. Fortelja vår generasjon med våre uttryksformer at trass alle tekniske nyvinningar og materielle goder i vår tid, så er og blir vi ufullkomne i Guds auge. Også i 1983 er Jesus vår einaste redning.

Så vil vi vita kva oppgaver du skal ha her i kyrkjelyden?

– Eg er så ny endå, men nokre oppgaver veit eg. Arbeidet i skulelaget og konfirmantgruppe, det er noko av det eg kjem til å driva med.

– Kjem du til å trivast her trur du?

– Ja, eg likar meg allereie svært godt.

Då ynskjer vi deg velkomen og Guds rike signing med oppgåvene.



*Tysnes kyrkje*

## Kyrkjelydstur til Tysnes

Sundag 28.8. drog vi avgarde kl.7.30 i 2 bussar og ein del privatbilar. På Tysnes var det gudsteneste i kyrkja ved res.kap. Sundsbø. Etter det var det enkel middag og tilbod om tur med buss, småbåt elelr fjelltur.



*Arna Kyrkjekor var med og song*



*Humøret var på topp*



*Middagen smaka godt*



*Det vart også tid til å prata litt*

# MØTE

## Arna Bedehus:

- 1/10: Basar kl. 17.00. Arr.: Ungd. nemnda. Sang av Barnerøster og Ten Sing, Andakt, Kafeteria, Utlodning.
- 2/10: Misjonsfest kl. 17.00. Tale v/Prost Olav Fjose.
- 6/10: Pensjonistsamvær kl. 17.00.
- 9/10: Kyrkjelydstreff kl. 19.30. «Fest på kjerka».
- 11-16/10: Møteveke. V/Gunnar Rene og Ottar Dalseid. Sang og musikk på møtene.
- 23/10: Familiemøte kl. 16.30. Variert program. Arr.: Barnerøster.
- 25/10: Misjonsmøte kl. 19.30. Studentar frå Misjonshøgskulen og bysekretæren.

## Arna kyrkje:

- 16/10: Kyrkjekonsert kl. 19.00. Arna Kyrkjekor, Bjørg Schive m.fl.

## Garnes Ungdomsskule:

- 30/10: Haustfest i kyrkjelyden kl. 18.00. Vit.ass. Olav Sandnes og 2 studentar frå MF vert med.

- 5/10: Basar.

## Ytre Arna Bedehus:

- 5/10: Basar for Santalmisjonen kl. 19.00.

## Ytre Arna kyrkjelydshus:

- 30/10: «Fest på kjerka» kl. 17.00. Innsamling av julepakker til sjøfolk. Film. Tale v/Olav Hilleren.

## Betania, Lone:

- 2/10: BUF. Gunnar Ballestad.  
8/10: Santalmisjonen. H. Hel-

lum.

- 11-16/10: Offerveke. Nordhordland Indremisjon. A. Myksvoll.
- 22-23/10: Heimeweekend for barnekoret.
- 27/10: Yngstesbasar.
- 29/10: BUF.
- 30/10: Israelsmisjonen. J. Augestad.
- 3/11: NMS-basar.

## NYTT FRÅ SOKNERÅDA

### Ytre Arna

**Kapper til barnekoret.** Barnekoret skal no få kapper. Ein skal sy dei på dagnad. Om nokon kunne tenkja seg å vera med på det, kan dei kontakta kyrkjekontoret eller organist Siri Brunvoll tlf. 18 45 29.

**Aksjon for Søndagsskulen.** Soknerådet har drøfta kva ein kan gjera for å gjera sundagsskulen meir kjent mellom borna og få fleire born til å gå på søndagsskulen. Ulike tiltak vert sett i verk — mellom anna utdeling av ein brosjyre.

**Medhjelpar.** Tormod Hanstveit har bede seg friteken som medhjelpar i Ytre Arna kyrkje. Å vera medhjelpar er ei frivillig teneste, og han har vore det sidan 1975.

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

## EPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi

Banken i Arna frå 1866

## SPAREBANKEN



AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning. Hugs at vi har laveste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.

## ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88  
Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger  
EL-KJØP

## VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,  
avd. Arna

## EPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørjes oppsatt.



Aut. bilverksted  
Aut. dekkforhandler

GODE TILBUD  
PÅ DEKK OG  
REKVISITA!

GOD SERVICE —  
RIMELIGE PRISER —  
HYGGELIG MILJØ!

Velkommen til vår  
bensinstasjon!

Arnatveit Auto Senter

J.B. Myklestad

5260 Indre Arna  
Tlf. 24 07 40





# Velkommen til kyrkje



- 2/10 **Arna kl.11.00:** Pastor Nils Arne Lavik. Søndagsskulens dag. Offer til Bergen søndagsskulekrins.  
**Ytre Arna kl.11.00:** Res.kap. Sundsbø. Søndagsskulens dag. Yngste Røster. Offer til Arna søndagsskulelag. Kyrkjekaffi.
- 9/10 **Arna kl.11.00:** Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.  
**Ytre Arna kl.11.00:** Sokneprest Øy. 50-årskonf. Kyrkjekoret.
- 16/10 **Arna kl.11.00:** Sokneprest Øy. Offer til Bibelskulen på Bildøy. Sundagsskule.
- 23/10 **Arna kl.11.00:** Gen.sekr. Annfinn Skaaheim. Nattverd. Offer til Norsk lærerakademi. Sundagsskule.  
**Ytre Arna kl.11.00:** Førstelektor Arve Bruvoll. Nattverd. Offer til Norsk lærerakademi.
- Trengereid kl.11.00:** Sokneprest Øy. Familiegudsteneste. Haustakkefest.
- Haukeland kl.16.30:** Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste. Haustakkefest.
- 30/10 **Arna kl.11.00:** Res.kap. Sundsbø. Offer til Bjørgvin bispedømmeråd. Sundagsskule. Kyrkjekaffi.  
**Ytre Arna kl. 11.00:** Sokneprest Øy og cand.theol. John Jacobsen. Offer til Menighetsfakultetet. Kyrkjekaffi.
- 6/11 **Arna kl.11.00:** Sokneprest Øy. Kyrkjekoret. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule.  
**Ytre Arna kl.11.00:** Res.kap. Sundsbø. Nattverd.  
**Takvam kl.16.30:** Sokneprest Øy og stiftskap. Molde.

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

**Redaksjonsnemnd:** Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Laila Ueland, Åse Iversen Ragnhild Rein, Harald Sundsbø.

**Forretningsfører:** Bjørg Hellesøy.

**Bladpengar:** kr. 25,-.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

## ARNA PRESTEGJELD

**Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova:** Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

**Kontortid:** Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

**Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, Peter Jebsensv. 39:**

Tlf. 24 23 03.

**Kontortid:** Tysdag kl. 17.00-18.00.

Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30

*Frist for innlevering av stoff til nr. 8: 10. okt.*